

Skigruppa  
årsmelding for 1968.

-----

Styret for skigruppa i 1968 har vore:

Karsten Borge formann.  
Erling Åsheim kasserar.  
Öyvind Litland styresmedlem.

Me må seia at skisesongen 1968 har vore ein av dei betre. Av renn som har gått ute har laget ~~xx~~ hatt 17 førstepassar, 19 andrepassar, 14 trejeplassar. I alt har me hatt löparar med i 24 renn, og 3 staffetar.

Av löparar som har jort det serlegt bra vil me nemna Leif Mjelde som har hatt ein godsesong tras i sjukdom i byrjinga av sesongen. Han vart nr 2 på 15 km kl senior ved Vestlandsmk. i Molde og nr 3 på 15 km kretsmestarskap. Plasering i andre renn 3 försteplassar 3 andre plassar, 2 treje plassar.

Me vil og taka med Erling Åsheim som vart Vestlandsmeistar i yngre junior i Molde 10 km. Han deltok og i Norgesmeistarskapet for junior i Sauda, der han vart nr 41. Ved kretsmk. yngre jr. vart han nr 2. Andre plaseringar 3 försteplassar, 3 andreplassar, 1 trejeplass.

Me kjem heller ikkje utan om Magnus Mjelde som har hatt ein god sesong med mange fine løp. Ved Vestlandsmeisterskapet i Molde vart han nr 2 på 10 km eldre jr. Han deltok også i Norgesmeistarskapet for jr i Sauda og vart nr 45 kl eldre jr.

Ved kretsmesterskapet på 15 km eldre jr vart hannr 2. Han har desse plaseringar ved andre renn 3 første plassar 6 andre pl. og 2 treie pl. Öyvind Åsheim fekk desverre sesongen ödelagt på grunn av skade, men desse plaseringane 2 første og 1 andre plass.

Av andre som har hatt første plassar i renn ute kan me nemna Karsten Borge 2 første pl, Audun Småland Helge Reigstad, Bjarte Mjelde og Vinjar Borge med ein kvar.

Me hadde og staffett lag med ved Vestlandsmeistarskapet i Molde, og Osterøy vart nr 2. Med på laget var Erling Åsheim, Leif Mjelde, og Magnus Mjelde. Det har seinare komme inn protest mot laget vårt på grunn av at me hadde brukt ein löpar som var for ung. Men denne saka er ennå ikkje ferdig, då protesetn var innlevert for seint. Ved kretsmeistarskapet i stafett stilet Osterøy 2 lag i kl seior og vart nr 2 og 9.

Leif Mjelde fekk oppsett pokal for beste skilöpar i 50 års jubileums året.

I dagane 2- 3 -4 januar vart det halde ei treningsamling på Kvamsklogen i Hordaland ski krins regi med Magnar Ingebrigtslid som leidar. Ved denne samlingi hadde laget 3 mann Magnus Mjelde Öyvind og Erling Åsheim. Me har og fått 2 av guttelöparane med på ei samling so skikrinsen skal halda på Engjaland fjellstova 23- 24 november det er Bjarte Mjelde og Vinjar Borge.

Deutan har treninga gått fint framover hausten, det har vore fellestrening kvar sundag sidan august, med godt frammöte, so det skulle lova godt for kommande sesong.

Laget har skipa til ei treningstemna og lagsmeistarskap i Mjeldalen og eit ope renn på Brøkdalen i høve 50 års jubileumet, der det var 130 deltakarar med frå Bergen og Hordaland.

Me hadde kontakta ein del bedrifter på Osterøy i dette høve og bad om gåve premie. Og me må seia at dei stilte seg svært velviljuge.

Me har også i år søkt om å få ope renn for alle klassar. Skigruppa har skipa til 3 dansar og hatt 1 utlodning.

Desse har teke skimerke i bronse, Erling Åsheim, ~~Ernst~~ Magnus Mjelde og Helge Reigstad, gull Leif Mjelde og Karsten Borge.

Det er og ein del som har teke distansemerket.

Skigruppa.

Karsten Borge.

formann.